



VEVRING
UTSTILLINGA

Æsa Bjørk

Ingjerd Hanevold

Gisle Harr

Kjetil Høidal

Rita Marhaug

Eli Mai Huang Nesse

Kent Fonn Skåre

Toril Steinbakken

Randi Annie Strand

Thale Vangen

Kenneth Varpe

Arne Åse

Program

Fredag 20. september 2024

- 11:00 Utstillinga opnar av Mayra Elena Henríquez Estribí
Framsyning: Performance ved Rita Marhaug
- 17:00 Utstillinga stengjer

Laurdag 21. september 2024


- 11:00 Utstillinga opnar
- 13:00 Kulturvandring ved Anne-Line Thingnes Førsund
Oppmøte ved Vevring skule
- 15:00 Framsyning: Performance ved Rita Marhaug
- 17:00 Utstillinga stengjer
- 19:00 Foredrag ved kunsthistorikar Renate Rivedal
Oppmøte i Steinstova på Myra
- 20:00 Myraløa opnar

Sundag 22. september 2024

- 11:00 Utstillinga opnar
- 12:00 Kulturvandring ved Anne-Line Thingnes Førsund
Oppmøte ved Vevring skule
- 13:00 Framsyning: Performance ved Rita Marhaug
- 15:45 Kunstlotteri-trekkjing
- 16:00 Utstillinga stengjer

Alle dagane er der kafè og loddosal til kunstlotteriet på skulen

Stad: Vevring skule, 6817 Naustdal



Forsidebilete: Randi Annie Strand

Forsidebiletetet er frå eit av dei grafisk verka i bokserien ORBIT/A som Strand stiller ut under Vevringutstillinga.

Redaktør: Kim Rio

Utstillingsnemda

Laila Claussen
Sara Heilevang
Anbjørg Kalstad
Karen Helga Maurstig
Kim Rio
Ann Kathrin Thingnes
Karoline Thingnes

www.vevringutstillinga.no

Kunsthistorisk foredrag

med kunsthistorikar Renate Rivedal

Laurdag 21. kl. 19 i Steinstova på Myra.

Vevringutstillinga, grunnlagt i 1979, er ein frivillig, dugnadsdriven organisasjon med røter i den vesle bygda Vevring ved Førdefjorden. I 2020 vart Vevringutstillinga tildelt Sunnfjord kommune sin første kulturpris, ei ære som understrekar utstillinga si betydning for både lokalsamfunnet og kunsten.

Dokumentasjonsfilmen som vert laga i samband med dette foredraget, har som mål å bevare og formidle historia om Vevringutstillinga, ein kunst- og kulturinstitusjon som har vore eit viktig samlingspunkt i 45 år. Filmen vil belyse korleis utstillinga har påverka både lokalsamfunnet og kunstverda, og fungere som ei læringsressurs og inspirasjonskjelde for framtidige generasjonar.

Foredraget vil bli fanga på film av eit profesjonelt filmteam som vil dokumentere både introduksjonen, sjølve foredraget og den påfølgande dialogen med publikum. Dette gir ei unik moglegheit til å vere ein del av ein kunst- og kunsthistorisk dokumentasjonsfilm.

Filmen vil rette seg mot born, unge, kunststudentar, og kunstinstitusjonar, og inviterer publikum til å delta aktivt ved å stille spørsmål, dele historier og bidra med minner frå Vevringutstillinga si 45 år lange historie.



Mottakar av:
KULTURPRISEN 2020



Renate Rivedal har ei mastergrad i kunsthistorie frå UiB, der ho skreiv om Sophus Tromholt (1851–1896), nordlysforskar og pioner innan fotografi av den samiske befolkninga i åra 1882–1883. Ho har lang erfaring som formidlar ved ulike kunstinstitusjonar og eit brennande engasjement for kunst- og kulturformidling. I dag arbeidar ho som kunstkritikar i Bergens Tidende og skribent for Kunstavisen, og er i gang med ei bok om kyrkjegardar i Vestland, samt eit nytt podkast-prosjekt. I 2024 fekk ho Fritt Ords kritikerstipend og NFFO sitt skrivestipend for bokprosjektet. Tidlegare har ho arbeidd ved KODE, Lepramuseet, Bergen Assembly, Den kulturelle Skolesekken og Bergen Offentlige Bibliotek, med roller som blant anna formidlingskonsulent.

Foto: Kristin Hege Klemsdal / Bergen kommune

Vevring kyrkje

– Eit historisk landemerke i kunstbygda, som knyter saman folk, fortid og framtid

Tekst: Kim Rio



Foto: Den norske kyrkja

Vevring kyrkje, plassert ved breidda av Førdefjorden i Sunnfjord, er eit markant kulturminne og ein viktig del av den lokale historia til bygda.

Kyrkja vart vigsla i 1846 og har sidan då vore eit symbol på tru, fellesskap og tradisjon i Vevring sokn. Arkitekturen speglar lokalsamfunnet sine behov, og kyrkja, omgitt av det storslåtte vestlandslandskapet, framhevar dei nære banda mellom folket og naturen rundt.

Kyrkjestaden har ei langt eldre historie. Den første kyrkja i Vevring var truleg ei stavkyrkje frå 1100-talet, og ho har vore eit sentrum for kristen tradisjon gjennom århundra. Då folketalet auka på 1600-talet, vart det nødvendig å byggje ei ny og større kyrkje, som vart reist på ein stad kalla Kyrkjehaugen, sør for den noverande kyrkja. Den gamle kyrkja vart riven i 1846 då den nye kyrkja, som vi har i dag, stod ferdig. Kyrkjehaugen er framleis ein historisk viktig stad der arkeologiske undersøkingar har avdekt restar etter den opphavelge Vevring-kyrkja.

Den noverande kyrkja vart teikna av Hans Ditlev Franciscus von Linstow, kongens eigen byggdesignar, og ein kjend dansk-norsk arkitekt som òg er ansvarleg for Det Kongelige Slottet i Oslo. Han fekk oppdraget med å utforme Vevring kyrkje i 1834, og bygget stod klart åtte år seinare, sommaren 1846. Resultatet vart ei vakker langkyrkje i tre, prega av den nyklassisistiske stilen. Det ikkje finst sikre kjelder som stadfestar at

Linstow besøkte Vevring sjølv nokon gong.

Kyrkja er eit godt døme på den norske langkyrkjetradisjonen i tre og har plass til rundt 200 menneske. Ho er måla kvitt og har eit enkelt, reint uttrykk som står i kontrast til det dramatiske landskapet rundt. Interiøret er nøkternt, med eit lyst og luftigt kyrkjerom som skapar ei roleg og andeleg atmosfære.

Koret opnar seg mot skipet i full breidde, med eit korgolv som er heva tre trinn over golvet i skipet. Korpodiet strekkjer seg litt utanfor den smale delen av koret, og på kvar side av midtgangen finn vi eit korskille i form av ei låg skranke. Preikestolen er plassert i det søraustlege hjørnet av skipet, og i vest er det eit orgelgalleri. Under galleriet er det eit område møblert med småbord og stolar for born, noko som gjer kyrkja meir inkluderande for ulike samlingar.

Altartavla er eit alterskap frå renessansen, om lag 1510, og er truleg frå Lübeck. I hovudfeltet ser vi tre figurar, alle haldande på eit jesusbarn: Maria, Kristoffer og Anna. Dei opphavelge figurane vart fjerna før 1830, men kopiar vart laga rundt 1950 av Maja Refsum og måla av Finn Krafft. Innsida av alterskapet er dekorert med helgenbilette, og døypefonten og preikestolen er begge frå 1846. Klokkja vart laga ved Laxevaags Værk i 1871, og kyrkja har eit tolvstemma Vestre-orgel frå 1965, som framleis er i bruk.

Det var ikkje uvanleg at altartavler i norske

kyrkjer frå mellomalderen og renessansen kom frå Lübeck. Lübeck var eit viktig handels- og kunstsentrum i Hansaforbundet, som hadde sterke handelsforbindelsar med Noreg i denne perioden. Mange norske kyrkjer fekk altartavler, skulpturar og anna kyrkjeinventar frå kunstnarar og verkstader i nordtyske byar.

Altartavler frå Lübeck er kjende for sin høge kvalitet og detaljerte utskjeringar, ofte med religiøse motiv, og fleire norske kyrkjer har bevart slike altartavler som vitne om dei tette kulturelle og økonomiske banda mellom Noreg og Nord-Tyskland i mellomalderen.

Vevring-kyrkja si plassering ved Førdefjorden har gjort ho til eit naturleg samlingspunkt gjennom tidene. Fjorden var ein viktig ferdselsveg, og folk frå bygdene rundt reiste både til lands og til sjøs for å delta i gudstenester. Dette nære sambandet mellom natur og menneske er framleis tydeleg, og kyrkja held fram med å vere eit viktig kulturelt og religiøst midtpunkt i bygda. Fleire restaureringsprosjekt, spesielt på 1970-talet, har sikra at kyrkja er godt vedlikehalden og like levande i dag.

Vevring kyrkje er meir enn berre eit historisk byggverk – ho er eit levande symbol på tru, fellesskap og den sterke tilknytninga mellom folk og natur i Sunnfjord. Gjennom sin kombinasjon av arkitektur, historie og landskap vil ho halde fram med å spele ei viktig rolle både for lokalsamfunnet og for dei som besøker denne unike staden.

Under Vevringutstillinga vert det arrangert kulturvandringar av Anne-Line Førund Thingnes, der deltakarane mellom anna får innsikt i kyrkja si historie og kunsten frå 1800-talet. Desse vandringane skapar ein dialog mellom samtidskunsten i utstillinga og den eldre kyrkjekunsten, noko som gjev ei rik oppleving for deltakarane.

Kulturvandringane vert heldne laurdag 21. kl. 13 og søndag 22. kl. 12.

Velkommen til Lava Scandinavia AS

Vi er stolt Norsk importør av mange spennende produkter





Foto: Kenneth Varpe

Kenneth Varpe (f. 1978) er frå Klepp, men har røter frå Bremanger. Han har ei mastergrad i Fine Art frå Chelsea College of Art & Design, og en bachelorgrad i Fine Art Painting frå Gray's School of Art & Design.

I sin kunstneriske praksis har han dei siste åra arbeidd med måleri, der han undersøker forholdet mellom motiv og materiale, samt avbildinga og det som blir avbilda.

Varpe sitt kunstneriske prosjekt har i dei seinare åra dreidd seg om å finne ei meningsfull tilnærming til måleriet, der formale interesser blir kombinert med omgrep som representasjon og avbilding. Han skapar måleri der malinga både



Foto: Kenneth Varpe

fungerer som materialet han bruker, og som motivet han avbildar.

Arbeida hans er både abstrakte og figurative på same tid; abstrakte ved at motiva førestiller ekspressive, pastose penselstrøk eller felt av tjukk maling, og figurative ved at dei fungerer som flate trompe l'oeil – malte imitasjonar som leikar med auge. Slik hincer dei til måleriets mimetiske og førestillande funksjon.

Arbeida til Varpe er ofte kontekstsensitive, ved at fargepalett eller strøkdynamikk responderer på spesifikke situasjonar; dette kan vere landskap han har vandra i, stader han har opphalde seg, eller konkrete motiv og troper i måleriets historie.



Foto: Kenneth Varpe



Foto: Lotten Pålsson

Foto: Lotten Pålsson



Foto: Torkhild Jemterud

Thale Vangen (f. 1974) er ein kunstnar som arbeider med skulptur og installasjon. Ho bur og arbeider i Malmö og på Bømlo, og har studert ved Konsthögskolan i Malmö (MFA 2010), samt kjemi og biologi ved Universitetet i Bergen. Vangens kunstnarlege praksis utforskar sambanda mellom det kroppslege og det immaterielle. Den handverksbaserte arbeidsprosessen hennar speglar korleis liv og form ser ut til å oppstå spontant i naturen.

Gjennom å bearbeide material som tre, råhud, porselelen og talg, let ho materiala finne sitt eige språk og uttrykk. Liv og død skjer parallelt i Vangens kunst, der syntesar av dyr, natur og mytologi breier seg utover rommet. Skulpturane hennar fortel om livets likegyldige vitalitet og den evige lengselen etter å stige oppover.



Foto: Gisle Harr



Foto: Gisle Harr

Workshop

Laurdag 21. september kl. 12

Gjennom kurset vil det vere fokus på modelleringsteknikkar og grunnleggjande prinsipp for oppbygging av hovud, ansikt og overkropp, alt basert på grunnformer.

I tillegg vil deltakarane lære å lage klede og anna tilbehør til portrettbysten.

Les meir om Gisle Harr og arrangementet, samt informasjon om påmelding på Vevringutstillinga si Facebook-side!

Velkomen!

Gisle Harr (f. 1966) arbeider hovudsakleg med skulptur, med eit særleg fokus på portrett av menneske i ulike situasjonar og med ulik karakter. Kunstnaren nyttar eit breitt spekter av material, inkludert leire, plastelina, isopor, gips, epoxy, tre og bronse. Skulpturane blir ofte måla i realistiske fargar og varierer i storleik frå miniatyr til meir enn naturleg storleik. Desse portrettskulpturane kan også vere ein del av større modellar og iscenesettingar. I tillegg til skulptur, jobbar kunstnaren med teikning, måleri og installasjonar, der han kombinerar ulike teknikkar.

Dei siste åra har Harr engasjert seg i fleire prosjekt i offentleg rom, som på Slemdal skule, Høgskulen på Vestlandet og i Nordby barnehage. Kunstnaren har òg vore involvert i undervisning og formidling, mellom anna gjennom pilotprosjektet "10 år" på Heidal skule i perioden 2019–2021. Nyleg har kunstnaren arbeidd med eit minnesmerke over politikaren Ola Dahl frå Otta og held for tida på med illustrasjonar til ei humoristisk bok om psykiatrien.

Interessa for mennesket, spesielt gjennom portrettet, står sentralt i kunstnarskapen. Kunstnaren ønskjer å fortelje om individet, men også om miljøet og samfunnet det lever i. Det trivielle, hverdagslege, men også det populærekulturelle, sjølvbiografiske og historiske, er av stor interesse.

I tillegg til kunst lagar Harr musikk med innslag av eigenprodusert materiale.

Foto: Alfreifur Erla Guðmundsdóttir



Æsa Björk (f. 1970) bur og arbeider i Bergen, der ho var med å etablere S12 Galleri og Verkstad i 2007, og ho fungerer no som kunstnerisk rådgivar for staden.

Ho har utdanning, både bachelor og master, frå Edinburgh College of Art og var på utveksling ved UMPRUM i Praha, under veiledning av Vladimír Kopecký. Ho har fleire gongar reist til Pilchuck Glass School i USA, både som student, EAiR (Emerging Artist in Residence) i 1999, og som lærar i 2015 og 2019.

Æsa var Artist in Residence ved Corning Museum of Glass i 2006, og frå 2011 til 2014 underviste ho ved avdelinga Sculpture Dimensional Studies ved NYSCC - Alfred University. I løpet av karrieren har ho motteke fleire prestisjetunge prisar.




Foto: Æsa Björk

I 2018 vann ho Grand Prize for arbeidet «Shield II» under Toyama International Glass Exhibition, og i 2022 mottok ho førsteprisen i Coburger Glaspreis for arbeidet «Fragments». Kroppen er eit tilbakevendande tema i Björk sine arbeid, som ofte er installasjonar der ho kombinerer glas med andre materialar og teknikkar.

Æsa Björk sin kunstnarlege praksis er kjend for å undersøke dei komplekse forholda mellom materialitet og uttrykk, der ho ofte bruker glas som hovudmateriale, men i kombinasjon med andre medium for å skape rike, taktile opplevingar i sine installasjonar.

Hennar arbeid reflekterer ein djup interesse for kroppen og dei mange måtane den kan uttrykkest og opplevast på gjennom kunst.



Foto: Bjarne Bjørnkum



Foto: Kjersti Grinde

Performancekunst

I tillegg til å vise fram spanande skulpturar held Marhaug performance kvar dag under utstillinga.

Sjå program for tidspunkt.

Rita Marhaug (f. 1965) har deltatt på ei rekkje utstillingar og performancekunst-festivalar både nasjonalt og internasjonalt sidan ho fullførte hovudfag (MA-grad) i 1989. I dag er ho freelancekunstnar etter 12 år som professor i grafikk ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen (2001-2013).

Marhaug har ein brei kunstnarleg praksis som omfattar ulike uttrykk og metodar, inkludert teikning, grafikk, kunstnarbok, fotografi, video, performance og installasjon. Nokre tema har vore gjennomgåande i hennar arbeid: feminisme og klasseperspektiv knytt til kunstnarrolla var sentrale frå midten av 1990-talet. Sidan 2009 har verkserien Norwegian Liquid vore ein gjennomgåande del av hennar produksjon, der temaet er vår karbondrivne økonomi og ulike visuelle undersøkingar av denne. Det siste tiåret har interessa for naturmaterialar også fått ein framstående plass i hennar installasjonar og performancar.

Videokunst

Nesse viser fram video i
"Olakjellaren".



Foto: Eli Mai Huang Nesse



Foto: Jo Mikkel Sæstad Huse

Eli Mai Huang Nesse (f. 1992) er ein kunstnar frå Sogndal som utforskar korleis ein handterer at alt plutselig kan rase saman. Gjennom arbeida sine undersøker ho høvet for snarveggar og korleis ein kan førebygge uhell for å oppretthalde håp, samt kjensla av kontroll og tryggleik. For tida er Nesse i dialog med menneske som har vore innesperra av ras, ho vitjar veggar som er stengde grunna skredfare, og reiser inn i fjell for å filme tunnelarbeidarar.

Nesse har ein MFA frå Kunstakademiet i Oslo (2022) og ein BFA frå Kungl. Konsthøgskolan i Stockholm (2018). Arbeida hennar har blitt vist på fleire utstillingar og festivalar, mellom anna Haustutstillinga på Kunstnernes Hus, ABF-huset i Stockholm, Bergen Internasjonale Film Festival, Galleri Blunk og Isotop prosjekttrom.




Foto: Jo Åse




Foto: Jo Åse

Arne Åse (f. 1940) er ein norsk keramikkkunstnar som har hatt stor innverknad på utviklinga av moderne keramikkkunst i Noreg. Han fullførte si utdanning ved Bergen Kunsthåndverkskole i 1973. Åse er særleg kjend for sine lyriske arbeid i porselen, som spenner frå reint kvite gjenstandar til verk med akvarellaktige fargar. Han omtalar sjølv sine verk som maleriske visuelle improvisasjonar, der han kombinerer tradisjonelle keramikkkonstellasjonar med moderne design og estetikk.

Gjennom karrieren har Åse hatt ei rekkje utstillingar både nasjonalt og internasjonalt. Arbeida hans er representert i fleire internasjonale museer og samlingar, inkludert i USA, Japan og Kina. Han har også bidrege som professor ved Kunsthøgskulen i Oslo, der han har vore ein



Foto: Glenn Hagebu

viktig lærar og mentor for nye generasjonar av keramikkarar.

Åse sitt kunstnarlege uttrykk er anerkjent for sitt unike formspråk, der han utfordrar grensene for kva keramikkkunst kan uttrykkje. Verka hans er publiserte i mange internasjonale bøker og tidsskrift, som til dømes *MASTERS PORCELAIN* frå USA, og kunsthistorikar Gunnar Danbolt har skriva ei bok om han, noko som understrekar hans tyding i kunstverda.

Gjennom si karriere har Arne Åse motteke fleire utmerkingar og prisar for sitt kunstnarlege bidrag. Han held fram med å inspirere både publikum og unge kunstnarar med sine nyskapande verk og sin dedikasjon til keramikkkonstellasjonar, noko som gjer han til ein sentral figur i det norske kunstmiljøet.

Kunst i kyrkja

Fonn Skåre sine verk er utstilt i Vevring kyrkje.

Foto: Kent Fonn Skåre



Foto: Magnus Vibe

Kent Fonn Skåre (f. 1983) er ein biletkunstnar basert i Bergen som arbeider både med skulptur og måleri. Han er fødd og oppvaksen i Førde og utdanna ved Kunsthøgskolen i Bergen og Konstfack i Stockholm.

Fonn Skåre har hatt separatutstillingar på mellom anna Pyton i Oslo, samt Tag Team Studio, Hordaland Kunstsenter, og Kraft i Bergen. I nyare tid har han òg delteke på opningsutstillinga til Nasjonalmuseet, Haustutstillinga på Kunstnernes Hus, i tillegg til gruppeutstillingar på Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Kunstnerforbundet, og Nitja.

Under Vevringutstillinga skal kunstnaren vise oljemåleri som utforskar handtering av måling og metafysikk i Vevring kyrkje.

Ingjerd Hanevold (f. 1955) bur i Asker og er utdanna ved Kunsthøgskolen i Oslo og vidare i New York. Ho har hatt utstillingar i ei rekke land i Europa og Asia, samt i USA. Hanevold har utført fleire prestisjetunge oppdrag, inkludert utforminga av seiersmedaljane til OL på Lillehammer i 1994, HENNE-smykkekolleksjonen for David Andersen a/s, og ordførarkjedet for Asker kommune i 2021.

I tillegg til si eiga praksis som smykkekunstnar, har Hanevold vore professor ved HDK i Göteborg og ved Kunsthøgskolen i Oslo. Ho er innkjøpt av fleire sentrale museum, inkludert Kunstindustrimusea i Oslo, Bergen, Kristiansand, Trondheim og Tromsø, samt Röhsska Museet i Göteborg, Louvre og Musée des Artes Decoratifs i Paris, Swiss National Museum i Zurich, og Kunstgewerbmuseum i Berlin.

Hanevold er kjend for si evne til å kombinere tradisjonelle smykketeknikkar med moderne estetikk, og hennar arbeid er høgt verdsett både nasjonalt og internasjonalt for sitt unike uttrykk og handverksmessige kvalitet.



Foto: Dag Fossum af Darre



Foto: Ingjerd Hanevold

Foto: Jo Åse



Toril Steinbakken (f. 1956) er utdanna keramiker og pedagog og har i mange år arbeid som lærar i kunst og handverk. Ho har berre periodevis hatt høve til å arbeide som kunstnar, sidan ho alltid har "halde seg i bakgrunnen" og aldri søkt om stipend eller hatt nokon offentlege innkjøp.

Steinbakken har lagt ned mykje arbeid i å utvikle eit formspråk som passar hennar kunstneriske uttrykk, i ein teknikk som blir rekna som vanskeleg å utføre.

Steinbakken sine arbeid er bokstaveleg talt støypte i same form. Dei vert laga lag for lag der flytande porselen i ulike fargar blir avleira på innsida av ei gipsform. Det er ein omstendeleg prosess som kan vare frå ei til to veker, avhengig av korleis ho ynskjer at den ferdige gjenstanden skal sjå ut.

Gjenstanden veks og legg på seg frå den ytre forma og innover, ein slags motsatt vekst. Når støypinga er ferdig, viser laga seg som årringar i eit tre. For Steinbakken blir gjenstandane eit uttrykk for tid - og tolmod.

Foto: Jo Åse



Gulatingslova

Utforsking av boka som kunstnarisk uttrykk er Randi Annie Strand sitt hovedmedium.

Under Vevringutstillinga viser ho utdrag frå "TINGBOD" - lovtekster fra Gulatingslova, lover som omhandlar naturforvaltning og allemannsretten.

Randi Annie Strand er kunstnaren bak katalogframsida av årets utstillingskatalog.




Foto: Randi Annie Strand




Foto: Randi Strand

Randi Annie Strand (f. 1964) studerte ved Kunsthøgskolen i Bergen. Ho har stilt ut på mange stader, motteke prisar, og verka hennar er representerte i samlingar som KODE Kunstmuseum, Nasjonalmuseet, Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum og Nord-Trøndelag Kunstmuseum, samt fleire samlingar i USA.

Strand har arbeidd innanfor mange ulike medium og teknikkar, inkludert teikning, foto, installasjon, video og skulptur, men boka som kunstnarisk uttrykk har vore hovudmediet hennar. Ho har utforska boka som form, som tidsbasert, interaktivt og sensorisk medium, og som eit metaforisk objekt.

Inspirasjonen hennar kjem ofte frå gamle bokformer, som rullar, bautasteinar i landskapet eller voksplater – epokar der bøker var handverksmessig utførte, var sjeldne, og noko ein kanskje nærma seg med undring og ærefrykt. Bøker har vore heilage av ulike grunnar. Nokre av bøkene hennar er produserte, men dei fleste er handlaga og kan krysse over til både skulptur, installasjon og film. Gjennom å tøye forma og materialbruken inviterer ho til ei annleis leseoppleving som gir sanslege inntrykk og som oppfordrar til omtanke i handsaminga.

I Vevring viser Strand bøker frå serien ORBIT/A, samt bokobjekt med lovtekstar frå Gulatingslova.

AI-illustrasjon: Shanok Nan



Foto: Kjersti Grinde




Kjetil Høidal (f. 1969) er ein komponist som arbeider med omsluttande lyd, feltopptak og akusmatisk musikk. Han er utdanna frå Norges musikkhøgskole og Universitetet i Stavanger, og har mellom anna komponert musikk for Stavanger Speculum, Henie Onstad Kunstsenter, og har turnert med perkusjons-/elektronikktrioen Serendipity. I seinare tid har økoakustikk fått ei sentral rolle i hans kunstnarlege arbeid, og han samarbeider med fotokunstnarar, forskarar og musikarar innanfor dette feltet.

Eit av hans nyare verk, *Min(e)d the Fjord*, er eit økoakustisk lydverk basert på undervassopptak frå Førdefjorden, gjort med hydrofonar.

Verket formidlar eit rikt lydlandskap skapt av livet i fjorden, der lydane frå biologiske og geologiske prosessar utgjer ein naturleg del av dette undervassmiljøet. Her kan ein høyre alt frå klikkelydar og grynt, til skraping, plasking, regndropar og bølger. Desse lydane utgjer ein slags musikk som er viktig for kommunikasjon under vatn, der lyd forplantar seg omlag fem gonger raskare enn i luft.

Stykket set fokus på korleis antropogene lydar – dei menneskeskapte lydane, som støy frå båtar, sprengingsarbeid og dumping av steinmassar – forstyrrar dette naturlege orkesteret under vatn.

Min(e)d the Fjord er ein kunstnarleg reaksjon på korleis menneskje si utbreiing og forureining påverkar naturen og dei skapningane vi deler jorda med, ofte utan omsyn til konsekvensane.



VEVRINGUTSTILLINGA

Tannlege
Laila Claussen

Hafstadvegen 27, 6800 FØRDE
57 82 02 22



VONEN

STEIN TORALD VONEN AS

Naustdal

911 13 925

Totalleverandør av el. installasjon, svakstrøm, tele og data

NBN ELEKTRO

Florø 57 75 28 00
Naustdal 57 75 28 12



registrert elektriker

24-timers vakt

Lokalmat rett til forbruker

Redal GARD



EGG • STORFEKJØT • DALALAMB

 facebook.com/redalgard

977 51 018 / 474 87 977

redalgard@gmail.com



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Vestland
fylkeskommune



Sunnfjord
kommune

Vevring

Utstillingslokale og skulpturpark



1 Skulptur av Peter Lundberg

2 Veggmåleri av T. Skjelland og V. Fjellheim

3 Den Siste (i bekken) av LandSkapt

4 Rasteplass og vassfall av Bård Breivik

5 Arch av Claes Hake

6 Prismatoide av Britt Smelvær

7 Tavler (på løvegg) av Annette Holdensen

8 Lønsemd av Aud Marit Skarrebo Holmen